

Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 22.10.2018

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune ved Utval for kultur, idrett og regional utvikling gjev slik uttale ved høyring av arealdelen 2018 – 2030 av kommuneplan for Masfjorden kommune (KPA).

1. Masfjorden kommune definerer kommuneplanen sin arealdel som kommunestyret sitt fremste styringsverktøy i høve til å påverke arealutviklinga i den retning lokalsamfunnet ønsker. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* støttar kommunen i denne prioriteringa. Utvalet meiner det er gjort eit godt arbeid med utarbeiding av planforslaget og at Masfjorden kommune i planarbeidet har lagt vekt på føringar i regional planstrategi og regionale planar.
2. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* rår til at kommunen i planskildringa omtalar medverknad i planprosessen, og korleis dette er vektlagt og innarbeidd i plandokumenta. Vidare rår vi til at kommunen utarbeider ein strategi for informasjon og forankring av vedtatt plan både i lokalsamfunnet, og i kommunen politisk og administrativt.
3. Trygg skuleveg er eit viktig prinsipp som må gjelde ved etablering av nye bustadområder, og som i større grad bør leggast til grunn og innarbeidast i KPA for Masfjorden kommune. Etablering av sykkelvegar mellom viktige målpunkt skal ha høg prioritet.
4. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* rår til at kommunen vidarefører samarbeidet med nabokommunar og tar nye initiativ for å få på plass ein interkommunal plan for sjøareala der Fensfjorden vil vera sentral, og at nye areal for akvakultur vert lagt til rette på bakgrunn av ein slik plan.
5. Universell utforming er langt på veg sikra gjennom teknisk forskrift (TEK), men kommunen har eit større handlingsrom ut over TEK. Dette bør fangast opp i arealplanlegginga, og er eit viktig verkemiddel for å skapa eit meir inkluderande samfunn og leggje til rette for at eldre kan bu lengre i sin eigen heim. Det vert rådd til eit eige punkt i føreseggnene om universell utforming.
6. Regional plan for attraktive senter i Hordaland har føresegn om handel. Vi ber om at handel vert omtala som plantema i planskildringa, og at føresegna om handle i regional plan vert innarbeidd i føreseggnene til KPA.
7. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* rår til at kommunen innarbeider mineralske ressursar, spesielt byggjeråstoffa grus og pukk som eit plantema i kommuneplanen sin arealdel, mellom anna for å unngå nedbygging av førekomstar som kan vere aktuelle for uttak.
8. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* vil peika på at Masfjorden kommune har verdifulle nyare tids kulturminne. Utvalet har merknader og råd når det gjeld forvalting av ein del av desse. Vi ber om at våre merknader i denne fråsegna vert lagt til grunn ved ferdigstilling av arealdelen av kommuneplanen.
9. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at areal B-07 Storeskjeret på Sandnes er i konflikt med nasjonale kulturminneverdiar, bålstør med Askeladden id 102118. Det er knytt motsegn til dette punktet. Motsegn fell bort når avgrensing av arealføremålet er justert og kulturminnet si omsynssone i plankartet er retta opp.
10. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* viser til at Omsynssone H730 – bandlegging etter lov om

kulturminner manglar for Askeladden id 213761, Askeladden id 221585 og Askeladden id 235882.
Det er knytt motsegn til desse punkta. Motsegn fell bort når dette er retta opp i plankartet.

11. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* tek etterhald om byggeområde i planen inntil undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova er oppfylt. Dette gjeld både land- og sjøareal.